



**Midt-Telemark**  
**kommune**

# Alkoholpolitiske retningslinjer

2020 2024

Vedtatt kommunestyret 9.3.2020





## Målsetting

Midt-Telemark kommune skal tildele og kontrollere sals- og skjenkeløyve på ein forsvarleg måte. Det skal i særleg grad satsast på førebyggjande tiltak, haldningsskapande arbeid, hjelpetiltak og alkoholfrie tilbod, som sikrar innbyggerane tryggleik, gode møteplassar, livskvalitet og velferd. Midt-Telemark kommune skal arbeide for at unge utsett bruken av alkohol, og ynskjer å være med på å legge til rette for alkoholfrie tilbod for ungdommen. Dei skal få tilgang til ulike møteplassar og aktivitetar, som sikrar at dei kan ta eit reelt val til bruk av alkohol og andre rusmiddel.

### 1. Verkemiddel

Effektiv og målretta kontroll av skjenke- og salstadane. Kontroll utførast av uhelda kontrollørar

- Det skal gjennomførast minimum 1 kontroll av kvar verksemd i året.
- I snitt utførast det 3 kontrollar av kvar verksemd i året.
- Enkeltløyve kan og kontrollerast.
- Ambulerande løyve kan i spesielle høve kontrollerast.

### 2. Tiltak

- Kommunen ynskjer tilbod for aldersgruppa 18 til 20 år.
- Kommunen skal være restriktive med å gje skjenkeløyve og salsløyve til verksemder der det samstundes går føre aktivitetar for barn og ungdom.
- Ved representasjon og arrangement i kommunen sin regi skal ein vere tilbakehalden med servering av alkohol.
- Det er ein føresetnad for å få skjenkeløyve at minimum styrar og reservestyrrar i verksemda har gjennomført og bestått kurset i Ansvarleg vertskap. Tilsette bør oppfordrast til å ta e-læringskurs i Ansvarleg vertskap
- Det er ein føresetnad for å få salsløyve/salsløyve for nettbutikk at minimum styrar og reservestyrrar i verksemda gjennomføra og består kurs i Ansvarleg sal. Tilsette bør oppfordrast til å ta e-læringskurs i Ansvarleg sal.
- Kommunen gjer ikkje skjenkeløyve til gatekjøkken og storkioskar.

### 3. Bevillingsperioden

Sals- og skjenkeløyve gis for 4 år av gongen med løyveperiode gjeldande frå 01.07 året etter at nytt kommunestyre har tiltrådt.

Enkeltøknadar som behandlast i løyveperioden kan gis fram til ny løyveperiode startar.

Etter alkohollova § 1-6 kan kommunen bestemme at løyver ikkje skal opphøyra, men gjelde vidare for ein ny periode på inntil fire år. Avgjerd om dette kan bare fattast dersom kommunen etter kommunevalet har hatt ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen.



#### 4. Mengde løyve

- Det er ikkje sett tak på tildeling av alminnelege skjenkeløyve for øl, vin og brennevin (alkoholgruppe 1, 2 og 3).
- Det er ikkje sett tak på tildeling av salsløyve for øl (alkoholgruppe 1).

Alkoholgrupper:

Gruppe 1 – 2,5 til 4,7 % alkohol

Gruppe 2 – 4,7 til 22 % alkohol

Gruppe 3 – 22 til 60 % alkohol

#### 5. Innhente opplysningar ved søknad om alminneleg sals- og skjenkeløyve

- Ved behandling av søknad om alminneleg sals- eller skjenkeløyve, skal det hentast inn uttale frå sosialtenesta/Nav, Politiet, og opplysningar om innbetalt skatt og avgift, jf. Alkohollova § 1-7, 2. ledd.
- Kommunen kan i løpet av løyveperioden foreta ny vurdering av vandel frå både politi og skatt/avgift.

#### 6. Vilkår og delegasjon

- Kommunestyret fattar vedtak ved søknad om skjenkeløyve for brennevin (gruppe 3).
- Formannskapet fattar vedtak ved søknad om skjenkeløyve for øl/rusbrus og vin (gruppe 1 og 2).
- Formannskapet fattar vedtak ved søknad om salsløyve for øl/rusbrus (gruppe 1).
- Formannskapet fattar vedtak ved søknad om salsløyve for øl/rusbrus (gruppe 1) via nettbutikk, og ved søknad om utkøyring av alkohol etter kjøpe av øl/rusbrus (gruppe 1) via nettbutikk i ein anna kommune.
- Kommunestyret/Formannskapet kan setja vilkår knytt til løyvet jf. Alkohollova § 4-3.
- Kommunedirektør fattar vedtak ved søknad om enkeltarrangement og ambulerande løyve.
- Kommunedirektør fattar vedtak ved søknad om utviding av skjenketid og skjenkeområde ved enkelt høve.
- Kommunedirektør fattar vedtak til å utvide salstid og salsområde ved enkelt høve.
- Kommunedirektør fattar vedtak ved søknad om endring av styrar, reservestyrrar og endring av organisasjonsnummer.





## 7. Gebyr alminneleg skjenke- og salsløyve

- Gebyret for skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 skal fastsettest etter forventa omsett mengde alkohol. Gebyrsatsen er fastsett i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 6-2, 2. og 3. ledd. Gebyret fakturerast årleg.
- For løyve til sal av alkoholholdig drikk gruppe 1, skal det betalast eit gebyr som fastsettest i forhold til forventa omsett mengde alkoholholdig drikk. Gebyrsatsen er fastsett i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 6-2, 1. og 3. ledd. Gebyret fakturerast årleg.

## 8. Gebyr enkeltarrangement og ambulerande løyve

- Gebyr for behandling av enkeltløyve innbetalast seinast 1 måned etter at arrangementet finn stad:
  - Arrangement **opptil 50** gjester kr 500,-
  - Arrangement **opptil 100** gjester kr 1000,-
  - Arrangement **over 100** gjester kr 2500,-
  - Arrangement **over 1000** gjester – minstegebyr for skjenking iht. forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 6-2, 3. ledd.
- Gebyr for behandling av ambulerande løyve innbetalast seinast 1 måned etter at arrangementet finn stad; Gebyrsatsen er fastsett i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 6-2, 3. ledd.

Sals- og skjenkegebyret går til å dekke kommunen sine kostnader til kontroll med sals- og skjenkestadene, Ansvarleg vertskapskurs, Ansvarleg salskurs o.l. i regi av Skjenkeforum.

## 9. Enkeltarrangement - retningsliner for tildeling av skjenkeløyve

- Kommunen skal vere restriktiv i høve til å gje enkeltløyve/skjenkeløyve til personar og lag som ikkje driv næring på heilårsbasis.
- Enkeltarrangement skal være godkjent av politiet.
- Enkeltarrangementet skal ved behov bli varsla til Midt-Telemark Brann og Redning, eining «forvaltning» på teknisk, og andre aktuelle instansar.
- Det er krav om vakthald på alle arrangement. Det er ein føresetnad at politiet sine krav til bruk av godkjente ordensvakter/andre vakter følgjast for å få skjenkeløyve.
- Søknader om enkeltløyve skal vere innkomne til kommunen minst 3 veker før arrangementet skal finne stad.

## 10. Retningsliner for søknad av utviding av skjenkeområde/skjenketider ved særlege høve

- Kommunedirektør kan dispensere frå vedtekne retningsliner for sals- og skjenketider ved spesielle søknadar.





- Søknad om utviding/endra skjenkeområde og/eller utvida skjenketid skal være kommunen i hende minst 3 veker før arrangementet skal finne stad.

### 11. Ambulerande skjenkeløyve

- Søknad om ambulerande løyve skal være kommunen i hende minst 1 veke før arrangementet skal finne stad.

### 12. Skjenketider

Det kan det skjenkast alkohol mellom følgjande klokkeslett (jf. Alkohollova § 4-4, 2. ledd)

Skjenketider for alkoholgruppe 1 og 2:

- Søndag til torsdag mellom kl. 08.00 og 01.00.
- Fredag og laurdag mellom kl. 08.00 og 02.00.

Skjenketider for alkoholgruppe 3:

- Søndag til torsdag mellom kl. 13.00 og 01.00.
- Fredag og laurdag mellom kl. 13.00 og 02.00.

Opningstida for skjenkestadene er lik skjenketida med tillegg på 30 minutt – avviklingstid (jf. Alkohollova § 4-4, 6. ledd).

Skjenketid for uteservering/avgrensa uteområde er lik den som gjeld inne på skjenkestaden.

Hotell og overnattingsstader med restaurantdrift kan skjenke til kl. 03.00 alle dagar iht. til maksimaltida i alkohollova.

Offentlege høgtidsdagar og heilagdagar, samt dagar før desse kan det skjenkast som på fredagar og laurdagar, dette gjeld følgjande dagar:

1. juledag, 2. juledag, nyttårsaftan, onsdag før skjærtorsdag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, dag før Kristi himmelfartsdag, Kristi himmelfartsdag, 30. april, 1. mai, 16. mai, 17. mai og 1. pinsedag.

### 13. Salstider

Det kan gå føre sal og utlevering av øl bestilt frå nettbutikk (alkoholgruppe 1) i dagligvarehandel mellom følgjande klokkeslett (jf. Alkohollova § 3-7):

- Måndag – fredag kl. 08.00 til 20.00.
- Laurdag og dagar før heilagdag kl. 08.00 til 18.00.





Unnatak er dagen før Kristi Himmelfart – da kan salet skje fram til kl. 20.00.  
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndag og heilagdagane, 1. og 17. mai.

Det er krav til tydeleg merking når sal av alkohol er forbode.

Det kan gå føre sal og utlevering av øl bestilt frå nettbutikk (alkoholgruppe 1) i dagligvarehandel på valdagen.

#### 14. Sal av alkohol frå nettbutikk

Sal av alkohol frå nettbutikk er søknadspliktig. Ved gitt løyve må styrrar/reservestyrrar syte for: Ved sal av alkoholhaldig drikk over nettet skal kunden ved levering kvittera for å ha motteke alkoholhaldig drikk, samt tidspunkt for utleveringa. Leverast det fleire varer til kunden enn berre alkoholhaldig drikk, skal den alkoholhaldige drikk ha ein eigen line for kvittering.

Ved tvil om alder, skal det spørjast etter legitimasjon, og personlege data noterast ned.

Personar som er openbart påverka av rusmidlar skal ikkje få utlevert alkohol.

Kvitteringslister som innhald legitimasjonsopplysningar lagrast forsvarleg i eigen mappe/internkontroll som skal være tilgjengeleg for kontrollør.

Den som leverer ut alkoholhaldig drikk på vegne av ei verksemd må være fylt 18 år og skal ha gjennomført og bestått e læringskurs i ansvarleg sal.

Salsløyvet for sal av alkohol over nettet kan ikkje takas i bruk før ovannemnde vilkår er satt i verk. Ved heimkøyring gjeld reglane i pkt. 13

#### 15. Kontroll og avvik

Ved brot på alkohollova, tilhøyrande forskrift og kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner blir det gitt prikkar etter eit felles nasjonalt prikkdelingsystem, jf. forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. kap. 10, *Inndragning av salgs- og skjenkebevillingar*. Vedtak om prikkar etter brot på regleverket er delegert til Kommunedirektør.

I tråd med prikkdelingsystemet kan sals- eller skjenkeløyve bli inndregen for ein periode ved brot på alkohollova, forskrift og/eller alkoholpolitiske retningsliner. Kommunedirektør fattar vedtak om ei eventuell inndraging av sal-/skjenkeløyve. Fylkesmannen er klageinstans for inndragingsvedtak.

Kontrollrapportar etter sals- og skjenkekontrollar med avvik, og vedtak om inndraging av sals- og skjenkeløyve skal leggest fram for Utval for helse og velferd.





Når det gjeld utøving av kontroll, visast det til *kap. 9 Kontroll med sals- og skjenkebevillingar* i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

Kommunedirektør fattar vedtak til å utvide salstid og salsområde ved enkelt høve. Det skal utarbeides en rapport til politiske utvalg, som beskriver omfanget av denne type vedtak og begrunnelse for bruk av slike vedtak

Kommunedirektør fattar vedtak ved søknad om utviding av skjenketid og skjenkeområde ved enkelt høve. Det skal utarbeides en rapport til politiske utvalg, som beskriver omfanget av denne type vedtak og begrunnelse for bruk av slike vedtak.

